

Akvakultur 2006

I denne serien vert det hovudsakleg publisert primærstatistikk, data frå statistiske rekneskapssystem og resultat frå spesielle teljingar og undersøkingar. Serien har først og fremst referanse- og dokumentasjonsføremål. Presentasjonen skjer vesentleg i form av tabellar, figurar og naudsynt informasjon om datamaterialet, innsamlings- og arbeidsmetodar, samt omgrep og definisjonar. I tillegg gis det ei kort oversikt over hovudresultata.

Serien omfattar òg publikasjonane Statistisk årbok og Svalbardstatistikk.

	Standardteikn i tabellar	Symbol
© Statistisk sentralbyrå, september 2008	Tal er umogleg	.
Dersom materiale frå denne publikasjonen blir nytta, ver vennleg å oppgi Statistisk sentralbyrå som kjelde	Oppgåve manglar	..
ISBN 978-82-537-7425-1 Trykt versjon	Oppgåve manglar førebels	...
ISBN 978-82-537-7426-8 Elektronisk versjon	Tal kan ikkje offentleggjerast	:
ISSN 1890-9582 Trykt versjon	Null	-
ISSN 1890-968X Elektronisk versjon	Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	0
Emnegruppe	Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	0,0
10.05	Førebels tal	*
Trykk: Statistisk sentralbyrå	Brot i den loddrette serien	—
	Brot i den vassrette serien	
	Desimalskilleteikn	,

Forord

Denne (årlege) publikasjonen inneheld i hovudsak statistikk og fakta om norsk fiskeoppdrett. I tillegg er det teke med nokre tal for skaldyr. Sidan Akvakulturlova trådte i kraft juni 2005, har me endra namnet på publikasjonen frå Fiskeoppdrett til Akvakultur. Opplysningane om oppdrettsnæringa er delt inn i fire tema:

- Tillatingar, arbeidsinnsats og behaldning
- Produksjon og økonomi
- Miljø og helse
- Utanrikshandel.

Talmaterialet byggjer på fleire kjelder, med hovudvekt på opplysningar frå statistikkskjema utfylte av oppdrettarane sjølv. Fiskeridirektoratet samlar inn desse og utarbeider førebels statistikk kvart år. Tal for eksport og import er henta frå Statistisk sentralbyrå, Seksjon for utanrikshandel.

På websidene ligg heile publikasjonen i PDF-format, men tabellane kan også hentast ut i Excel-format. Internett-adressa er:

<http://www.ssb.no/emner/10/05/>.

Nokre av hovudtabellane er også tilgjengelege i Statistikkbanken, som ein del av tidsseriar:

<http://www3.ssb.no/statistikkbanken/>

Publikasjonen er utarbeidd av førstekonsulent Rune Skolbekken. Ansvarleg seksjonsleiar er Ole Osvald Moss, Seksjon for primærnæringsstatistikk.

Statistisk sentralbyrå
Oslo/Kongsvinger, 14. juli 2008

Øystein Olsen

Nils Håvard Lund

Innhold

Figurregister	5
Tabellregister	6
1. Introduksjon.....	7
1.1. Omfang	7
1.2. Datakjelder	7
1.3. Omgrep	8
1.4. Feilkjelder og uvisse.....	10
1.5. Bruk av tabellane.....	10
1.6. Meir informasjon.....	11
2. Tillatingar, arbeidsinnsats og behaldning.....	11
2.1. Tillatingar.....	11
2.2. Arbeidsinnsats.....	12
2.3. Behaldning	12
3. Produksjon og økonomi.....	21
3.1. Produksjon	21
3.2. Økonomi.....	22
4. Miljø og helse.....	36
4.1. Rømming.....	36
4.2. Sjukdommar og legemiddel.....	36
4.3. Kjemikaliar.....	37
4.4. Tilførsel av organisk materiale	37
5. Utanrikshandel.....	43
5.1. Eksport	43
5.2. Import.....	43
6. Kjelder	52
Vedlegg	
A. Akvakultur 2006. "Matfisk-/stamfisk-/FOU-tillatelser. Laks og ørret." Skjema og rettleiing for utfylling av skjema	53
B Akvakultur 2006. "Klekkeri- og/eller settefisktillatelser. Laks og ørret." Skjema og rettleiing for utfylling av skjema	57
C Akvakultur 2006. "Matfiskproduksjon. Andre fiskearter enn laks og ørret." Skjema og rettleiing for utfylling av skjema	61
D Akvakultur 2006. "Klekkeri- og/eller settefisktillatelser. Andre fiskearter enn laks og ørret." Skjema og rettleiing for utfylling av skjema.	63
E Akvakultur 2006. "Skjell- og/eller skaldyrtillatelser"	65
F Varenummer i tabellane om eksport og import.....	67

Figurregister

2. Tillatingar, arbeidsinnsats og behaldning

2.1. Tillatingar i drift per 1. januar 2006, etter type tillating.....	12
2.2. Arbeidsinnsats, etter timeverk og type produksjon. 2006. Prosent.....	13
2.3. Arbeidsinnsats, etter type produksjon. Laks og regnbogeaure. 1996-2006. 1 000 timeverk.....	13
2.4. Behaldning av levande matfisk per 31. desember. Laks, regnbogeaure og andre fiskeartar. 1986-2006. 1 000 stk.....	14

3. Produksjon og økonomi

3.1. Sal av slakta matfisk. Mengd. 2006. Tonn.....	23
3.2. Sal av slakta matfisk. Laks og regnbogeaure. Mengd. 1981-2006. Tonn.....	24
3.3. Årleg prosentvis auke i sal av slakta mengd matfisk. Laks og regnbogeaure. 1992-2006.....	24
3.4. Sal av slakta matfisk. Laks. Mengd og verdi. 1992-2006. Tonn og mill. kr.....	25
3.5. Sal av slakta matfisk. Regnbogeaure. Mengd og verdi. 1992-2006. Tonn og mill. kr.....	25
3.6. Sal av slakta matfisk. Andre fiskeartar enn laks og regnbogeaure. Mengd og verdi. 1992-2006. Tonn og 1 000 kr.....	26
3.7. Innanlands omsetning av tørrfôr til fisk. 1991-2006. Tonn.....	26
3.8. Mengd selt og produksjonskostnader per kg, laks og regnbogeaure. 1995-2006. Tonn og kr.....	27
3.9. Investeringar i akvakulturanlegg. 1988-2006. Mill. kr.....	27

4. Miljø og helse

4.1. Sal av antibakterielle midlar til behandling av oppdrettsfisk. 1987-2006. Kg aktiv substans.....	38
4.2. Fordelinga av norsk fosfor- og nitrogentilførsel til havet, etter kjelde. 2006. Prosent... 39	
4.3. Forbruk av kopar i oppdrettsnæringa. 2000-2006. Tonn.....	40

5. Utanrikshandel

5.1. Eksport av laks. Verdi for eit utval av kjøparlanda. 2000-2006. Mill. kr.....	44
5.2. Eksport av laks. Mengd og verdi. 1981-2006. Tonn og 1 000 kr.....	44
5.3. Eksport av aure. Mengd og verdi. 1981-2006. Tonn og 1 000 kr.....	45

Tabellregister

2. Tillatingar, arbeidsinnsats og behaldning

2.1. Talet på tillatingar i drift, personar i arbeid og arbeidsinnsats, etter type produksjon og fylke. Laks og regnbogeaure. 2006.....	15
2.2. Talet på tillatingar i drift, personar i arbeid og arbeidsinnsats, etter type produksjon og fylke. Andre fiskeartar enn laks og regnbogeaure. 2006.....	16
2.3. Personar i arbeid og arbeidsinnsats, etter tilsetjingsforhold, kjønn og fylke. Laks og regnbogeaure. 2006	17
2.4. Nytt kapasitet i matfisktillatingar. 1975-2006	18
2.5. Behaldning av levande matfisk, etter fiskeart og fylke. Alle fiskeartar. 2006. 1 000 stk.	19
2.6. Svinn av laks og regnbogeaure, etter årsak og fylke. 2006. 1 000 stk.....	20
2.7. Svinn av laks og regnbogeaure i matfisktillatingar, etter årsak. 2006	20

3. Produksjon og økonomi

3.1. Totalproduksjonen i verda innanfor akvakultur. Mengd og verdi. 1997-2006. Tonn og USD 1 000	28
3.2. Sal av slakta matfisk. Mengd, etter fiskeart og fylke. 2006. Tonn	29
3.3. Sal av slakta matfisk. Verdi, etter fiskeart og fylke. 2006. 1 000 kr	30
3.4. Sal av skaldyr, etter art. 1999-2006. Tonn og 1 000 kr.	30
3.5. Sal av slakta matfisk og setjefisk/smolt for utsett i sjø. Mengd, verdi og gjennomsnittspris ved førstegongsomsetning. 1994-2006.....	31
3.6. Kjøp og interne mottak av setjefisk/smolt. Mengd og gjennomsnittspris, etter fylke. 2006.....	32
3.7. Sal og interne leveransar av setjefisk/smolt for utsett i sjø. Mengd og verdi, etter fylke. 2006	32
3.8. Sal av yngel til andre tillatingar med setjefiskproduksjon. Mengd og verdi, etter fylke. 2006	33
3.9. Lønsemd i gjennomsnitt per selskap ved matfiskproduksjon av laks og aure i Noreg. 1991-2006. Kr og prosent.	33
3.10. Innanlands omsetning av tørrfôr til fisk, etter måned. 1991-2006. Tonn	34
3.11. Gjennomsnittlege produksjonskostnader per kg (laks og aure), samd fôrpris per kg og fôrfaktor (laks). 1995-2006. Kr	34
3.12. Nyskaffing og sal av varige driftsmiddel i akvakulturanlegg, etter type anlegg og fylke. 2006. 1 000 kr	35

4. Miljø og helse

4.1. Sal av antibakterielle middel som blir brukte til behandling av oppdrettsfisk, etter type. 1987-2006. Kg aktiv substans.....	41
4.2. Salstal frå legemiddelgrossistar for ein del stoff som blir brukte til oppdrettsfisk. Endoparasitt-/ektoparasitt-middel. 1989-2006. Kg aktiv substans	41
4.3. Salstal frå legemiddelgrossistar for ein del stoff som blir brukte til oppdrettsfisk. Anestesimiddel. 1989-2006. Kg aktiv substans	41
4.4. Statistikk over oppdrettslokalitetar med påviste sjukdomar hos laksefisk. 1997-2006. 42	

5. Utanrikshandel

5.1. Eksport av laks. Mengd og verdi. 1971-2006. Tonn og 1 000 kr.....	46
5.2. Eksport av laks. Mengd og verdi for eit utval av kjøparlanda. 1981-2006. 1 000 tonn og mill. kr	47
5.3. Eksport av laks, etter type produkt1 og kjøparland2. 2005 og 2006. 1 000 kr og prosent.....	48
5.4. Eksport av laks og aure, etter type produkt1. 2004, 2005 og 2006.....	48
5.5. Eksport av aure. Mengd og verdi. 1981-2006. Tonn og 1 000 kr.....	49
5.6. Eksport av aure. Mengd og verdi for eit utval av kjøparlanda. 1981-2006. Tonn og 1 000 kr.....	50
5.7. Eksport av aure, etter type produkt1 og kjøparland2. 2005 og 2006. 1 000 kr og prosent.....	51
5.8. Import av laks og aure. Mengd og verdi. 1971-2006. Tonn og 1 000 kr.....	51

1. Introduksjon

Fiskeoppdrett er ei næring som har opplevd stor utvikling, både produksjonsmessig og økonomisk, sidan tidleg på 1970-talet. Frå å vere ei attåttnæring i jordbruket, utan stor økonomisk verdi for landet, har fiskeoppdrett blitt ei viktig kystnæring. Den aukande produksjonen har ført til at laksefisk i dag er ei av Noregs viktigaste eksportvarer.

I byrjinga på 1970-talet blei det berre drive kommersielt oppdrett av laks og regnbogeaure. Seinare har oppdrett også omfatta andre fiskeartar som til dømes torsk og kveite, og særskild torsk er det knytt store forventningar til i åra som kjem. Oppdrett av skaldyr finst førebels i forholdsvis liten skala i Noreg.

Statistikk for fiskeoppdrett blei fram til og med 1985 publisert i *Noregs offisielle statistikk (NOS) Lakse- og sjøaurefiske*. Årgangane 1986-1992 ligg føre i *NOS Fiske og oppdrett av laks mv*. Frå 1993 og fram til 2005 ligg statistikken føre i *NOS Fiskeoppdrett*. Frå og med 2006 ligg statistikken føre i NOS Akvakultur.

Formålet med publikasjonen er å gi ein vid presentasjon av fakta og statistikk om norsk akvakulturnæring. Styresmakter og organisasjonar treng statistikk som grunnlag for planlegging og avgjersler. Statistikken vil også vere til nytte for forskning og for oppdrettarane sjølve.

1.1. Omfang

Når det gjeld fiskeartar, blir det lagt størst vekt på atlantehavslaks (*Salmo salar* L) og regnbogeaure (*Salmo gairdneri* L). Andre artar er torsk, røye/sjørøye, kveite, makrell, ål, sei og piggvar. Oppdrett av desse omfatta både kommersielt oppdrett og føring av villfanga fisk. Dei artane som ikkje er nemnde her, er slått saman til ei gruppe.

Statistikken omfatta alle tillatingar (konsesjonar) som var i drift dei enkelte åra. I 2006 var det 1452 tillatingar i drift. I tillegg kjem det 374 tillatingar innan skaldyr.

Tabellane er ordna i fire hovudbolkar:

- Tillatingar, arbeidsinnsats og behaldning av fisk
- Produksjon og økonomi
- Helse og miljø
- Utanrikshandel

1.2. Datakjelder

Hovudkjelder

Dei viktigaste datakjeldene er Fiskeridirektoratet sine årlege utsendingar av spørjeskjema til innehavarane av ei tillating. For denne årgangen gjeld det dei som var registrerte i Fiskeridirektoratet sitt register over akvakulturtillatingar per januar 2007. Etter lov av 17. juni 2005 nr 79: Lov om akvakultur (akvakulturloven) plikter alle med tillating for fiske- og skaldyroppdrett å svare på skjemaet. Det er i alt fem typar spørjeskjema i bruk:

- "Statistikk for akvakultur 2006. Matfisk/stamfisk/FoU-tillatelser". Atlantisk laks, regnbueørret og ørret.
- "Statistikk for akvakultur 2006. Klekkeri- og/eller settefisktillatelser". Atlantisk laks, regnbueørret og ørret.
- "Statistikk for akvakultur 2006. Andre fiskearter enn laks og ørret. Matfiskproduksjon."
- "Statistikk for akvakultur 2006. Andre fiskearter enn laks og ørret. Klekkeri- og/eller settefisktillatelser."
- "Statistikk for akvakultur 2006. Skjell- og/eller skaldyrtillatelser."

Kvart skjema har ein rettleiing. For 2006 var svarfristen for matfisk, laks, regnbogeare og aure 25. mars 2007. For alle dei andre skjema var fristen 1. mars 2007. Skjema med rettleiing er vedlagd (vedlegga A-E).

Statistisk sentralbyrå samarbeider med Fiskeridirektoratet og har påverknad når det gjeld utforminga av spørjeskjema. Fiskeridirektoratet har ansvaret for utsending, innsamling og revisjon av skjema.

Statistikk for akvakultur har blitt utarbeidd sidan 1971. Dei to første åra blei oppgåvene samla inn av Statistisk sentralbyrå. Frå og med 1973 har oppgåvene blitt samla inn av Fiskeridirektoratet. Fiskeridirektoratet utarbeider årleg ein førebels statistikk, medan Statistisk sentralbyrå heile tida har utarbeidd og publisert den endelege statistikken.

Fram til og med 1992 blei arbeidet med dataoverføring, kontroll og oppretting av skjema utført av Statistisk sentralbyrå. Frå 1993 tok Fiskeridirektoratet over delar av dette arbeidet, og dei har også hatt det faglege ansvaret for revisjonen.

Lokale fiskeristyresmakter samlar inn alle skjema og gjennomfører førstegongs revisjon basert på lokal og fagleg kunnskap. Sentralt i Fiskeridirektoratet blir alle data kontrollert maskinelt og manuelt. For kvar type skjema er det utarbeidd ei liste over absolutte og moglege feil basert på fagleg kunnskap og vurderingar. Ved enkelte høve der det er tvil, blir oppgåvegivaren kontakta direkte.

I Statistisk sentralbyrå blir datamaterialet kontrollert på ny før tabellproduksjon og tilrettelegging for publisering. Eventuelle endringar blir utførte i samråd med Fiskeridirektoratet.

Utanrikshandelsstatistikk

Statistisk sentralbyrå, Seksjon for utanrikshandel, produserer statistikk over utanrikshandelen. I denne publikasjonen er statistikk som omhandlar laks og aure arbeida vidare med og presentert. Publikasjonen inneheld endelege tal for 2006, og statistikken byggjer på tolldeklarasjonar som tollvesenet innhentar med heimel i §§ 32 og 40 i tolloven samt kapittel 5 i tollovforskriftene.

Andre datakjelder

I tillegg til dei ovannemnde kjeldene omfattar denne publikasjonen også statistikk som er samla inn frå andre kjelder. Statistisk sentralbyrå har følgeleg ikkje hatt nokon påverknad av korleis talmaterialet har blitt handsama.

Fiskeridirektoratet publiserer kvart år lønnsomhetsundersøkingar for matfisk- og setjefiskanlegg. Eit utval av representative matfisk- og setjefiskprodusentar av laks og aure blir bedne om å oppgi bestemte driftsrelaterte nøkkeltal og opplysningar som er viktige for økonomien i oppdrettet.

Fiskeridirektoratet sitt *register over akvakultur tillatingar* inneheld oversikt over tillatingar, lokalitetar godkjende for tillatinga og innehavar av tillatinga.

Andre kjelder er:

Food and Agriculture Organization (FAO)
Fiskeri- og Havbruksnærings Landsforening (FHL)
Folkehelseinstituttet (FHI)
Norsk institutt for vannforskning (NIVA)
Statens forurensningstilsyn (SFT)
Veterinærinstituttet

1.3. Omgrep

Akvakultur er produksjon av akvatiske organismar. Som produksjon reknas eit kvart tiltak før å påverke levande akvatiske organismar sin vekt, storleik, tal, eigenskapar eller kvalitet.

Akvakulturtillating er ei tillating gitt i medhald av akvakulturlova, som ved registrering i akvakulturregisteret gir rett til bestemt type produksjon av bestemt art, i bestemt omfang på ein eller fleire bestemte lokalitetar. Namnet konsesjon blir også ofte nytta i staden for tillating.

Dei aktuelle typane tillatingar for akvakultur er:

- Matfisktillating for laks, regnbogeaure og aure.
- Stamfisktillating for laks, regnbogeaure og aure.
- FoU-tillating for laks, regnbogeaure og aure.
- Klekkeri og setjefisktillating for laks, regnbogeaure og aure.
- Matfisktillating for andre marine fiskeartar.
- Yngel/Setjefisktillating for andre marine fiskeartar.
- Tillating for skaldyr

Innehavaren av ei tillating sender inn skjema avhengig av kva for typar tillating han har. Både enkeltpersonar, aksjeselskap og andre samskipnader kan ha tillating for oppdrett. Tillatingane er omsetjelege, og eitt selskap kan disponere fleire tillatingar.

Ei *tillating* blir rekna som *i drift* om det har vore personar i arbeid og desse har utført timeverk.

Matfisk er nemninga på vaksen fisk som går til konsum. I statistikken vil likevel informasjon frå stamfisk- og FoU-tillatingane for laks, regnbogeaure og aure bli presentert saman med informasjon frå matfisktillatingane for laks, regnbogeaure og aure, under nemninga matfisk.

Stamfisk er nemninga på fisk som blir brukt til produksjon av rogn og mjølke for kunstig befruktning.

FoU-tillating for akvakultur er ei tillating for oppdrett av matfisk av laks og aure til forsøks-, forskings- og undervisningsformål.

Setjefisk er nemninga på fisk som har kome over yngelstadiet og som blir føra i anlegget med tanke på seinare utsetjing i vassdrag eller for vidare oppføring til matfisk. Setjefisk av laks, regnbogeaure og aure er definert som fisk som er føra over eit kortare eller lenger tidsrom, og som kan vere frå 2-4 cm og opp til 25 cm lang.

Yngel er nemninga på fisk frå klekking fram til tidspunktet dei byrjar å ta til seg fôr (startfôr), som for laks er om lag 2-4 veker.

Smolt er nemninga på fisk som er klar for overgang til sjø. På dette tidspunktet skiftar dei form og farge (dei blir lange, tynne og blanke).

Verdi er oppgitt utan meirverdiavgift og er løpande kroneverdi. All verdi er førstehandsverdi, med unntak av eksport- og importverdi.

Mengd er oppgitt i rund vekt, med unntak av eksport- og importmengd som er oppgitt i produktvekt.

Rund vekt er vekta av fisken før han blir sløgd. Vekta av fisk som blir levert sløgd, blir rekna om til rund vekt ved hjelp av ein omrekningsfaktor. I 2006 var denne omrekningsfaktoren 1,125 for sløgd fisk med hovud og 1,2857 for fisk, hovudkappa.

Produksjonskostnad per kg er summen av smoltkostnad, fôrkostnad, forsikringskostnad, lønskostnad, kalkulatoriske avskrivningar, annan driftskostnad og netto finanskostnad dividert på produksjon av fisk (rund vekt).

Fôrfaktor er utfôra mengd tørrfôr i kg / biomasseauke i kg (blautvekt). Altså: kor mykje fôr må til for at biomassen skal auke med 1 kg.

Driftsmargin

Driftsresultat*100/Driftsinntekter, der driftsresultatet er differansen mellom driftsinntekter og driftskostnader.

Innsamlings- og handsamlingsfeil

1.4. Feilkjelder og uvisse

Eit kvart statistisk materiale kan innehalde feil. Oppgåvene som blir sende inn vil vere av vekslende kvalitet. Den største feilkjelda vil etter alt å dømmе vere at nokre av oppgåvegivarane kan ha gitt mangelfulle eller feilaktige opplysningar.

Når det gjeld svinn er årsak spesifisert av oppdrettar. Det er grunn til å tru at spesifikasjonen av svinn er hefta med stor uvisse.

Feilaktig revisjon av oppgåvene kan også senke kvaliteten av data. Feil kan også ha oppstått i arbeidet med datamaterialet i Statistisk sentralbyrå.

Kontroll og revisjon

Fiskeridirektoratet foretar ein manuell kvalitetssikring av kvart enkelt skjema. Kvalitetssikringen er basert på kunnskap til næringa, samt kontrollberekningar. Når opplysningane er registrert i databasen blir data kontrollert for feilregistreringar.

Fiskeridirektoratet har kvart år ein analyse av lønsemda av oppdrett av laks og aure. Analysen er basert på ei utvalsundersøking. Data frå utvalsundersøkinga blir jamført og kontrollert mot tilsvarende data frå dei respektive spørjeskjema som er grunnlag for statistikk over akvakultur.

Før tal frå den årlege innsamlinga av statistikkskjema blir publisert, blir det utført ei rekkje kontrollar på desse skjema. Både kontrollar av sum og interne kontrollar av konsistens på individnivå, samt ekstremverdiar blir undersøkte. Kontroll av skjema blir dels utført manuelt og dels ved bruk av IT-verktøy.

Merknader til tabellane

1.5. Bruk av tabellane

Ein vesentleg del av tillatingane blir drive i samdrift. Det er også vanleg at ein innehavar har meir enn ei tillating av same type. Eit resultat av dette er at nokre av innehavarane av meir enn ei tillating sender inn opplysningar for fleire tillatingar av same type på eitt skjema. Ein del opplysningar frå desse har det vore umogleg å skilje ut på tillatingsnivå. Dette inneber at *talet på tillatingar* i nokre av tabellane er noko lågare enn det reelle talet.

Dei fleste tabellane er framstilte på fylkesnivå. Fylka Østfold, Oslo, Akershus, Hedmark, Oppland, Buskerud, Vestfold, Telemark, Aust-Agder og Vest-Agder er slått saman. Dette er gjort for å lage ei eining som er stor nok til å rekne statistikk utifrå, og som kan samanliknast med dei andre enkeltfylka.

Aktuelle varenummer i tabellane og figurane om eksport og import er førte opp bak (vedlegg F).

I tabellane kan det, på grunn av avrundingar, vere mindre differansar mellom den totale sum og dei enkelte komponentane som inngår i summane.

1.6. Meir informasjon

<i>Annan statistikk/Internett</i>	Førebels tal for Akvakultur 2007 vil bli publisert i uke 34, sommaren 2008. Tala vil vere tilgjengelege på Statistisk sentralbyrå sine websider. Internettadressa er: http://www.ssb.no/fiskeoppdrett/ eller i Statistikkbanken: http://www3.ssb.no/statistikkbanken/
<i>Spesialtingingar</i>	Det er mogleg å spesialtinga statistikk på meir detaljerte nivå.
<i>Kontakt i Statistisk sentralbyrå</i>	Dersom du ønskjer meir informasjon, ta kontakt med: E-post: rune.skolbekken@ssb.no , tlf. 62 88 52 05, E-post: anne.turi.baklien@ssb.no , tlf. 62 88 52 30. Faks: 62 88 50 61. Postadresse: Statistisk sentralbyrå, Seksjon for primærnæringsstatistikk, 2225 Kongsvinger.

2. Tillatingar, arbeidsinnsats og beholdning

2.1. Tillatingar

(tabellane 2.1-2.2, 2.4 og figur 2.1)

På starten av 1970-talet var fiskeoppdrett ei tilleggsnæring til jordbruket langs kysten av Noreg, og hadde liten økonomisk verdi for landet. Oppdrettarane hadde ei tillating kvar, så talet på tillatingar på denne tida var identisk med talet på oppdrettseiningar.

Ved utdeling av tillatingar for matfisk, laks og aure i sjø (1985) var det ikkje lov å ha majoritet i meir enn eit anlegg, og fram til 1991 kunne eit selskap berre eige ei tillating. Det var også krav om at eigar skulle ha lokal tilhørsel. I 1991 blei oppdrettslova endra, og reglane for eigarskap liberaliserte. Dette resulterte i ei omfattande omstrukturering av næringa. Oppkjøp og eigarkonsentrasjon av tillatingar i form av fusjonering resulterte i både auka verdjar på tillatingane og konkursar.

Tillating for akvakultur betyr løyve frå offentleg myndigheit etter akvakulturlova, fiskesjukdomslova, forureiningslova og hamne- og farvannslova. I tillegg skal søknaden vurderast i forhold til naturvern-, friluft-, fiske- og viltinteresser.

I Fiskeridirektoratet sitt Register over akvakulturtillatingar per 31. desember 2006 var det registrert 998 tillatingar innanfor matfisk/stamfisk/FoU (laks, regnbogeaure og aure). Dette var om lag som i 2005. Det var 272 tillatingar innanfor klekkjeri- og setjefisktillyingar (laks, regnbogeaure og aure) og 688 tillatingar innanfor andre fiskeartar enn laks, regnbogeaure og aure. Av desse tillatingane var høvesvis 909, 227 og 316 tillatingar i drift i 2006.

Ved utgangen av 2006 blei 42,5 millionar kubikkmeter vassmasse i sjø brukt til oppdrett av matfisk, laks, regnbogeaure og aure. Dette tilsvara 46 695 kubikkmeter per tillating i drift.

Nytta volum til oppdrett av andre artar enn laks, regnbogeaure og aure var nærare 1,9 millionar kubikkmeter ved utgangen av 2006. Det er sjetten året på rad at det er ein kraftig auke i kubikkmeter per tillating frå året før.

Frå og med 1. januar 2005 gjekk ein vekk frå å måle/gje løyve til tillatingar ved bruk av kubikkmeter. Ei ny forskrift trådde då i kraft, Forskrifta om drift av akvakulturanlegg av 22. desember 2004. Der heiter det at fisketettleiken pr. produksjonseining med stamfisk og matfisk av laks og regnbogeaure ikkje skal overstige 25 kg/m³. Vidare går det frem at biomassen per akvakulturtillating ikkje skal overstige den maksimalt tillete biomassen som følgjer av tillatinga.

2.2. Arbeidsinnsats

(tabellane 2.1-2.3 og figurane 2.2-2.3)

I dei siste 10 år har det vore ei utvikling mot stadig større effektivitet i produksjonen av oppdrettsfisk. Dette blir illustrert ved aukande produksjon per timeverk, samstundes som sysselsetjinga har gått ned. I 2006 stoppa likevel trenden med færre sysselsette, då 3990 personar hadde arbeid i næringa. Dette var 329 fleire enn året før. Derimot, har sysselsetjinga for oppdrett av andre marine artar blitt over dobbelt så stor i den same ti års perioden.

Produksjonen av oppdrettsfisk er mannsdominert. I 1995 blei 89,2 prosent av det totale timeforbruket for produksjon av laks, regnbogeare og aure utført av menn, medan det i 2006 var på 91,4 prosent.

2.3. Behaldning

(tabellane 2.5-2.7 og figur 2.4)


Ved utgangen av 2006 sto det 241 millionar laks i oppdrettsmerdane. Dette er 17,8 prosent fleire enn ved starten av same år. Det blei sett ut 186,7 millionar laks, medan 125,3 millionar laks blei tekne ut til sal og 31 millionar laks gikk bort i ei eller anna form for tap/svinn. Tap/svinn utgjorde 7,8 prosent av behaldninga ved starten av året inklusive det som blei sett ut i løpet av året. Nordland var det fylket med størst behaldning av laks ved utgangen av 2006.

Behaldninga av regnbogeare i oppdrettsmerdane var ved utgangen av 2006 på 32,3 millionar. Dette er ein oppgang på heile 28,8 prosent frå starten av same år. Det blei sett ut 27,7 millionar regnbogeare, medan det blei teke ut 16,7 millionar til sal, og 3,6 millionar gikk bort i ei eller anna form for tap/svinn. Hordaland hadde størst behaldning av regnbogeare ved utgangen av 2006.


Den største enkeltårsaka til svinn/tap av matfisk laks er sjukdom i merdane. I 2006 blei heile 26,4 millionar individ rapportert som død fisk. Ei anna viktig årsak er rømming. I 2006 blei det rapportert at 920 000 stk. laks rømde frå matfiskanlegga, og er det høgaste talet som nokon gong er rapportert. Det er ei auke på nær 30 prosent frå året før (sjå kapittelet om helse og miljø) og 67 prosent fleire samanlikna med 2004. Sjukdom er også den største enkeltårsaka til svinn/tap av matfisk regnbogeare.

Svinnet i setjefiskanlegga var på totalt 79 millionar stk. laks, medan tala for regnbogeare var 13 millionar stk.


Figur 2.1 Tillatingar i drift per 1. januar 2006, etter type tillating



Kjelde: Statistisk sentralbyrå og Fiskeridirektoratet.


Figur 2.2. Arbeidsinnsats, etter timeverk og type produksjon. 2006. Prosent

Kjelde: Statistisk sentralbyrå og Fiskeridirektoratet.

Figur 2.3. Arbeidsinnsats, etter type produksjon. Laks og regnbogeaure. 1996-2006. 1 000 timeverk

Kjelde: Statistisk sentralbyrå og Fiskeridirektoratet.

Figur 2.4. Behaldning av levande matfisk per 31. desember. Laks, regnbogeaure og andre fiskeartar. 1986-2006. 1 000 stk



Kjelde: Statistisk sentralbyrå og Fiskeridirektoratet.

2.1. Talet på tillatingar i drift, personar i arbeid og arbeidsinnsats, etter type produksjon og fylke. Laks og regnbogeaure. 2006

	I alt			Matfiskproduksjon			Klekkjeri- og/eller setjefiskproduksjon ¹		
	Talet på tillatingar i drift	Talet på personar	1 000 timeverk	Talet på tillatingar	Talet på personar	1 000 timeverk	Talet på tillatingar	Talet på personar	1 000 timeverk
1992	844	3 189	4 443	627	2 539	3 595	217	650	848
1993	922	3 064	4 563	668	2 261	3 482	254	803	1 081
1994	1 084	4 400	5 220	784	3 407	4 048	300	993	1 172
1995	1 077	4 616	5 712	776	3 509	4 292	301	1 113	1 420
1996	1 027	4 265	5 426	762	3 245	4 099	265	1 020	1 327
1997	1 035	3 719	5 115	769	2 670	3 739	266	1 049	1 376
1998	1 025	3 557	4 869	768	2 527	3 548	257	1 030	1 320
1999	1 041	3 589	5 111	799	2 517	3 735	242	1 072	1 376
2000	1 065	3 631	4 998	817	2 565	3 658	248	1 066	1 341
2001	1 065	3 673	5 032	822	2 631	3 680	243	1 042	1 352
2002	1 093	3 431	4 977	850	2 384	3 569	243	1 047	1 408
2003	1 113	3 293	4 609	870	2 317	3 354	243	976	1 255
2004	1 146	3 129	4 319	926	2 275	3 159	220	854	1 160
2005	1 137	3 054	4 296	917	2 181	3 157	220	873	1 139
2006	1 136	3 445	4 843	909	2 480	3 599	227	965	1 244
2006									
Østfold									
Akershus og Oslo									
Hedmark									
Oppland	48	96	72	33	58	50	15	38	22
Buskerud									
Vestfold									
Telemark									
Aust-Agder									
Vest-Agder									
Rogaland	84	272	336	68	192	236	16	80	100
Hordaland	214	676	880	158	444	588	56	232	292
Sogn og Fjordane	103	235	337	81	160	253	22	75	84
Møre og Romsdal	147	405	626	112	249	413	35	156	213
Sør-Trøndelag	103	333	545	83	259	434	20	74	111
Nord-Trøndelag	84	247	364	67	167	252	17	80	112
Nordland	186	712	1 007	152	544	801	34	168	206
Troms Romsa	95	344	481	85	298	405	10	46	76
Finnmark Finnmarku	72	125	196	70	109	168	2	16	28

¹ Gjeld tillatingar med produksjon for matfiskoppdrett. I 1992, 1993, 1994, 1995, 1997, 1998, 1999, 2000, 2001, 2002, 2003, 2004, 2005 og 2006 hadde i rekkjefølgje 6, 26, 4, 1, 4, 4, 5, 1, 1, 8, 10, 6, 8 og 4 av desse tillatingane også produksjon for utsetjing i vassdrag.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå og Fiskeridirektoratet.

2.2. Talet på tillatingar i drift, personar i arbeid og arbeidsinnsats, etter type produksjon og fylke. Andre fiskeartar enn laks og regnbogeare. 2006

	Talet på tillatingar i drift	I alt		Matfiskproduksjon		Klekkjeri- og/eller setjefiskproduksjon	
		Talet på personar	1 000 timeverk	Talet på personar	1 000 timeverk	Talet på personar	1 000 timeverk
1992	155	251	152	205	94	46	58
1993	133	236	131	186	86	50	45
1994	143	313	174	257	118	56	56
1995	142	254	133	217	95	37	38
1996	156	277	175	236	121	41	54
1997	156	307	171	264	122	43	48
1998	162	297	207	237	127	60	81
1999	199	350	221	291	149	59	72
2000	200	400	262	299	150	101	112
2001	240	464	359	313	181	151	178
2002	322	577	575	350	282	227	293
2003	354	606	651	406	356	200	295
2004	321	590	587	438	376	152	211
2005	322	616	663	466	438	150	225
2006	316	545	628	444	470	101	158
2006							
Østfold.....	}	27	29	17	15	10	14
Akershus og Oslo.....							
Hedmark.....							
Oppland							
Buskerud.....							
Vestfold							
Telemark							
Aust-Agder							
Vest-Agder							
Rogaland	58	99	132	86	114	13	18
Hordaland	33	69	50	55	27	14	23
Sogn og Fjordane	28	40	52	29	35	11	17
Møre og Romsdal	64	88	120	70	91	18	29
Sør-Trøndelag	7	16	11	16	11	-	-
Nord-Trøndelag	10	18	19	18	19	-	-
Nordland	79	135	151	112	116	23	35
Troms Romsa	13	35	43	23	21	12	22
Finnmark Finnmarku .	11	18	22	18	22	-	-

Kjelde: Statistisk sentralbyrå og Fiskeridirektoratet.

2.3. Personar i arbeid og arbeidsinnsats, etter tilsetjingsforhold, kjønn og fylke. Laks og regnbogeaure. 2006

	Fast tilsette				Sesongarbeidarar			
	Menn		Kvinner		Menn		Kvinner	
	Talet på personar	1 000 timeverk	Talet på personar	1 000 timeverk	Talet på personar	1 000 timeverk	Talet på personar	1 000 timeverk
1995	2 630	4 565	304	423	1 169	531	513	193
1996	2 610	4 500	331	405	955	393	369	127
1997	2 475	4 311	302	386	690	334	252	84
1998	2 353	4 127	283	371	741	324	180	47
1999	2 409	4 334	262	359	721	351	197	67
2000	2 381	4 205	281	376	763	344	206	73
2001	2 392	4 235	277	410	806	322	198	65
2002	2 362	4 247	289	401	579	262	201	68
2003	2 283	4 017	271	348	550	203	189	41
2004	2 165	3 747	232	307	579	227	151	38
2005	2 087	3 704	242	326	582	231	143	36
2006	2 341	4 202	260	372	652	224	192	46
2006								
Østfold.....								
Akershus og Oslo.....								
Hedmark.....								
Oppland.....	40	58	6	2	36	9	14	3
Buskerud.....								
Vestfold.....								
Telemark.....								
Aust-Agder.....								
Vest-Agder.....								
Rogaland.....	157	280	20	25	71	25	24	6
Hordaland.....	434	757	56	79	124	34	62	11
Sogn og Fjordane.....	165	289	26	36	37	11	7	1
Møre og Romsdal.....	294	551	25	39	64	30	22	6
Sør-Trøndelag.....	250	469	23	39	55	34	5	2
Nord-Trøndelag.....	178	320	20	29	41	12	8	3
Nordland.....	483	872	56	82	134	42	39	11
Troms Romsa.....	248	428	22	31	66	20	8	1
Finnmark Finnmarku ..	92	179	6	11	24	7	3	0

Kjelde: Statistisk sentralbyrå og Fiskeridirektoratet.

2.4. Nytt kapasitet¹ i matfisktillatingar. 1975-2006

	Laks og regnbogeaure		Andre fiskeartar enn laks og regnbogeaure	
	I alt	Per tillating	I alt	Per tillating
	Kubikkmeter			
1975	848 891	5 585
1976	927 592	5 521
1977	1 087 644	5 306
1978	1 165 529	5 322
1979	1 393 786	5 201
1980	1 580 817	5 149
1981	1 700 634	5 382
1982	1 998 890	5 165
1983	2 168 406	5 276
1984	2 440 332	4 990
1985	3 386 300	6 025
1986	3 959 173	6 157
1987	4 690 173	6 569
1988	5 784 845	6 611
1989	7 093 046	7 506
1990	7 504 206	7 736
1991	6 240 639	7 583
1992	7 680 303	12 249	133 840	970
1993	8 221 338	12 307	119 931	967
1994	8 491 184	10 831	132 901	956
1995	10 322 211	13 302	130 521	946
1996	10 045 703	13 183	191 490	1 260
1997	11 435 714	14 871	139 042	921
1998	13 781 031	17 944	186 822	1 153
1999	14 465 049	18 104	196 515	988
2000	15 148 397	18 541	228 166	1 141
2001	19 843 506	24 141	320 478	1 335
2002	23 859 484	28 070	678 535	2 107
2003	25 028 322	28 768	953 178	3 095
2004	30 053 395	32 455	1 221 407	4 286
2005	35 450 716	38 659	1 457 097	5 241
2006	42 446 064	46 695	1 875 633	6 747

¹ Til og med 1991 var andre fiskeartar enn laks og regnbogeaure inkludert. Til og med 1991 gjeld nytt kapasitet det største volumet som har vore i bruk samstundes, medan det frå 1992 er nytt kapasitet per 31. desember.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå og Fiskeridirektoratet.

2.5. Behaldning av levande matfisk, etter fiskeart og fylke. Alle fiskeartar. 2006. 1 000 stk.

Fiskeart	Behaldning 01.01.2006	Tilgang (utsatt)	Uttak	Svinn	Behaldning 31.12.2006	Prosent svinn ¹
Alle fiskeartar	253 907	230 331	148 579	40 493	295 166	8,4
Laks	210 632	186 714	125 259	31 044	241 043	7,8
Regnbogeaure	24 834	27 672	16 666	3 573	32 267	6,8
Andre fiskeartar	18 441	15 945	6 654	5 876	21 856	17,1
Østfold, Akershus, Oslo, Hedmark, Oppland, Buskerud, Vestfold, Telemark, Aust-Agder og Vest-Agder						
Alle fiskeartar	4 545	2 865	2 332	438	4 641	5,9
Laks	4 190	2 638	2 076	399	4 354	5,8
Regnbogeaure	47	127	135	17	22	9,9
Andre	308	100	121	22	265	5,4
Rogaland						
Alle fiskeartar	22 490	17 065	11 184	4 195	24 177	10,6
Laks	17 750	15 083	9 934	2 886	20 014	8,8
Regnbogeaure	39	82	17	13	91	10,9
Andre	4 701	1 900	1 233	1 296	4 072	19,6
Hordaland						
Alle fiskeartar	42 904	44 662	25 862	9 626	52 078	11,0
Laks	34 087	32 526	19 347	7 654	39 612	11,5
Regnbogeaure	8 406	10 249	6 179	1 377	11 099	7,4
Andre	411	1 887	336	595	1 367	25,9
Sogn og Fjordane						
Alle fiskeartar	24 900	21 369	12 106	5 632	28 532	12,2
Laks	18 282	15 765	9 068	4 675	20 304	13,7
Regnbogeaure	4 836	4 223	2 443	735	5 882	8,1
Andre	1 782	1 381	595	222	2 346	7,0
Møre og Romsdal						
Alle fiskeartar	36 344	35 867	23 753	6 807	41 651	9,4
Laks	24 513	24 950	16 333	3 696	29 434	7,5
Regnbogeaure	5 980	6 089	5 073	949	6 047	7,9
Andre	5 851	4 828	2 347	2 162	6 170	20,2
Sør-Trøndelag						
Alle fiskeartar	25 982	21 987	15 632	3 053	29 283	6,4
Laks	25 107	21 518	15 239	2 951	28 435	6,3
Regnbogeaure	642	317	345	35	578	3,6
Andre	233	152	48	67	270	17,3
Nord-Trøndelag						
Alle fiskeartar	17 639	16 984	10 877	1 512	22 233	4,4
Laks	16 956	16 286	10 669	1 357	21 215	4,1
Regnbogeaure	:	:	:	:	:	:
Andre	:	:	:	:	:	:
Nordland						
Alle fiskeartar	47 201	42 081	27 756	4 941	56 584	5,5
Laks	39 854	34 001	24 119	3 705	46 030	5,0
Regnbogeaure	3 604	4 564	2 067	348	5 753	4,3
Andre	3 743	3 516	1 570	888	4 801	12,2
Troms Romsa						
Alle fiskeartar	23 576	19 527	14 098	3 130	25 876	7,3
Laks	22 489	17 817	13 752	2 757	23 798	6,8
Regnbogeaure	544	989	191	21	1 321	1,4
Andre	543	721	155	352	757	27,8
Finnmark Finnmarku						
Alle fiskeartar	8 324	7 925	4 978	1 159	10 111	7,1
Laks	7 403	6 130	4 721	965	7 846	7,1
Regnbogeaure	:	:	:	:	:	:
Andre	:	:	:	:	:	:

¹ Svinn i prosent av behaldning 1. januar + utsett i året.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå og Fiskeridirektoratet.

2.6. Svinn av laks og regnbogeare, etter årsak og fylke. 2006. 1 000 stk.

	Setjefiskanlegg		Matfiskanlegg							
	Laks Regnbogeare		Laks				Regnbogeare			
	Svinn i alt	Svinn i alt	Svinn i alt	Sjukdom	Rømming	Andre årsaker	Svinn i alt	Sjukdom	Rømming	Andre årsaker
1993	9 393	3 793	498	5 102	683	161	4	517
1994	9 228	3 131	536	5 562	584	85	137	362
1995	11 776	4 657	240	6 879	831	77	42	712
1996	14 923	3 191	417	11 314	922	101	5	817
1997	43 000	5 500	17 525	4 513	506	12 506	1 487	60	135	1 292
1998	41 000	3 500	25 278	12 476	553	12 250	1 632	1 325	87	1 220
1999	50 000	5 000	19 784	7 647	348	11 789	1 789	314	40	1 436
2000	51 400	9 964	17 169	7 133	276	9 760	2 575	858	75	1 642
2001	61 766	12 850	22 057	9 745	272	12 040	3 449	956	95	2 397
2002	103 455	12 056	28 938	9 681	424	18 833	4 438	978	252	3 208
2003	110 336	10 876	31 145	13 632	379	17 134	3 626	1 398	148	2 081
2004	60 901	7 420	25 713	17 768	553	7 392	2 614	1 780	10	824
2005	77 412	6 294	25 094	19 557	715	4 821	2 481	1 580	8	893
2006	79 032	13 219	31 044	26 381	920	3 743	3 573	3 030	15	528
2006										
Østfold										
Akershus og Oslo										
Hedmark										
Oppland	1 082	282	399	322	0	76	17	11	-	6
Buskerud										
Vestfold										
Telemark										
Aust-Agder										
Vest-Agder										
Rogaland	4 207	471	2 886	2 575	-	311	13	10	-	3
Hordaland	15 244	5 171	7 654	6 746	122	786	1 377	1 265	9	103
Sogn og Fjordane	3 536	1 983	4 675	3 959	7	709	735	474	0	261
Møre og Romsdal	10 628	1 323	3 696	3 192	44	460	949	882	0	67
Sør-Trøndelag	6 248	1 773	2 951	2 508	81	362	35	28	-	6
Nord-Trøndelag	9 920	287	1 357	1 148	69	139	2	1	1	-
Nordland	23 190	1 431	3 705	3 156	275	275	348	294	-	53
Troms Romsa	:	:	2 757	1 924	322	511	21	20	-	1
Finnmark										
Finnmárku	:	:	965	852	-	113	75	43	5	27

¹ I 1998 omfatta svinn på grunn av sjukdom også svinn på grunn av sårskadar.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå og Fiskeridirektoratet.

2.7. Svinn av laks og regnbogeare i matfisktillettingar, etter årsak. 2006

	Laks		Regnbogeare	
	1 000 stk.	Prosent av totalt svinn	1 000 stk.	Prosent av totalt svinn
I alt	31 044	100	3 573	100
Død fisk	26 381	85,0	3 030	84,8
Utkast i slakteri	1 420	4,6	117	3,3
Rømming	920	3,0	15	0,4
Tellefeil	1 002	3,2	118	3,3
Andre årsaker til svinn	1 321	4,3	293	8,2

Kjelde: Statistisk sentralbyrå og Fiskeridirektoratet.

3. Produksjon og økonomi

Oppdrettsnæringa er subsidiefri og av stor verdi for sysselsetjing i enkelte kystdistrikt. Sjølv om førkvotane tilsynelatande dempa veksten, har det vore god vekst og optimisme i næringa. Frå og med 1. januar 2005 blei førkvotesystemet erstatta av avgjerda om maksimalt tillete biomasse, med heimel i Forskrifta om drift av akvakulturanlegg § 42.

3.1. Produksjon

(tabellane 3.1-3.8 og figurane 3.1-3.6)

Noreg var i 2006 den 9. største oppdrettsnasjonen i verda, ned ein plass frå 2004, med ein produksjon på 709 000 tonn (kjelde: FAO). Kina var soleklart den største produsenten av oppdrettsfisk med ein årleg produksjon på 34 429 000 tonn, eller 67 prosent av den totale produksjonen i verda.

Det er laks som er hovudårsaka til at norsk akvakultur har hatt den store oppturen dei siste 25 åra. Fram til 1976 blei det likevel årleg selt meir regnbogeaure enn laks. Eit vellykka avlsarbeid, laksen sin tilpassing til eit liv som husdyr og ein marknad med god etterspørsel har ført til at laks utgjorde heile 88,9 prosent av totalt slakta mengd oppdrettsfisk i Noreg i 2006.

Tidleg på 1990-talet var den årlege relative veksten i salet på slakta laks mykje større enn den er no. Selt laks som matfisk auka med 30,0 prosent frå 1993 til 1994, medan oppgangen det siste året låg på 7 prosent. Etter nokre dårlege år i byrjinga på dette tiåret fortsette førstehandsverdien av laks å stige også i 2006, da den var på 15,6 milliardar. Dette var ein oppgang på heile 27,9 prosent frå 2005, og det høgaste nokon gong. Gjennomsnittspris ved førstegongsomsetning gjekk også kraftig opp frå kr 20,77 per kg i 2005 til kr 24,73 per kg i 2006.

I 2001 og 2002 tok salet av regnbogeaure seg kraftig opp, men gjekk så ned igjen. I 2006 blei det selt 62 703 tonn, opp 6,5 prosent frå året før. Førstehandsverdien var på nærare 1,6 milliardar kroner. Oppgongen i verdi frå 2005 var på heile 25,8 prosent og er den høgaste verdien som nokon gong er oppnådd. Gjennomsnittsprisen ved førstegongsomsetning gjekk opp frå kr 21,34 per kg i 2005 til kr 25,18 per kg i 2006.

Det blei seld mest laks i Nordland fylke med over 131 000 tonn laks, medan Hordaland selde mest aure: 23 000 tonn.

Oppdrett av andre artar enn laks og regnbogeaure ligg framleis langt etter i omfang, men torsk aukar stadig. I 2006 blei det selt 11 087 tonn torsk til ein verdi av over 261 millionar kroner, ein oppgang på 66 prosent i verdi samanlikna med 2005. På to år har verdien auka med heile 262 prosent.

I 2006 blei det selt 1 185 tonn kveite, det same som året før. Verdien var på 71 millionar kroner.

Det blei selt totalt 3 749 tonn med skaldyr, til ein verdi av over 21,5 millionar kroner i 2006. Det meste som blei selt var blåskjel.

Når det gjeld setjefisk blei det i 2006 selt nær 177 millionar stk. laks og dryge 23 millionar stk. regnbogeaure for utsett i sjø (inkludert interne leveransar), medan det blei kjøpt og motteke internt nær 187 millionar stk. laks og 28 millionar stk. regnbogeaure.

3.2. Økonomi

(tabellane 3.9-3.12 og figurane 3.7-3.9)

Byrjinga på dette tiåret var starten på ei dårleg tid for selskap med matfiskproduksjon, men trenden snudde i 2004. I 2006 har Fiskeridirektoratet rekna ut at matfiskselskapa da hadde eit samla resultat før skatt på over 5,9 milliardar kroner og ein driftsmargin på 30 prosent. I 2005 var det samla resultatet på 3,2 milliardar kroner, med ein driftsmargin på 23 prosent. Den høgare lønsemda kan forklarast med betre marknadsforhold og da høgare priser for laks og regnbogeaure. (kjelde: Fiskeridirektoratet sin "Lønnsomhetsundersøkelse" 2006).


Dei gjennomsnittlege produksjonskostnadane har opp gjennom åra, med få unntak, blitt reduserte samtidig som salet av laks og regnbogeaure har auka. I 2006 gjekk derimot kostnadane opp, frå kr 13,80 per kg i 2005 til kr 14,74 per kg i 2006. Oppgangen kan først og fremt forklarast med auke i fôrkostnadane og posten andre driftskostnader. Fôringskostnader er den største kostnaden ved produksjon av matfisk laks og regnbogeaure. I 2006 var dei gjennomsnittlege fôringskostnadene per kg kr 8,36. Dette utgjorde 56,7 prosent av dei totale kostnadane per kg produsert fisk, noko som var litt høgare enn for 2005. Lønskostnader og smoltkostnader i 2006 utgjorde i same følgd 9,7 og 10,7 prosent av dei totale kostnadane.

Den monalege auken i produksjonen av oppdrettsfisk har naturleg nok medført eit aukande forbruk av fiskefôr, og derfor har produksjonen av matfisk og stamfisk av laks, inntil 31.12.2004, vore avgrensa av fôrvotar. Frå og med 1. januar 2005 blei ordninga erstatta av reglar om maksimalt tillete biomasse. I 2006 var innanlands omsetning av tørrfôr levert av medlemmer av Fiskefôrprodusentenes forening (FPF) og importert fôr totalt på 988 000 tonn, ei auke på 9 prosent frå 2005.


Fôrfaktor blir brukt for å fortelje noko om fôrutnyttinga. Fôrfaktoren i 2006 var på 1,19, noko som er det lågaste sidan 1996 (kjelde: Lønnsomhetsundersøkelsene, 2006).

Investeringane auka jamt og nådde ein topp i 2001, før dei sank fram til 2004. I 2005 derimot, auka investeringane kraftig igjen og i 2006 blei det investert nærare 1,6 milliardar kroner. Dette kan da sjåast i samanheng med gode økonomiske resultat i næringa, men og endring i produksjon og innføring av ny forskrift om krav til teknisk standard for installasjonar (NYTEK-forskrifta).

Figur 3.1. Sal av slakta matfisk. Mengd. 2006. Tonn




Figur 3.2. Sal av slakta matfisk. Laks og regnbogeure. Mengd¹. 1981-2006. Tonn




¹ Verdiane for 1991 er interpolerte.
Kjelde: Statistisk sentralbyrå og Fiskeridirektoratet.


